




Årsrapport 2023



Innhold

Innhold	2
1. Kommunedirektøren sin kommentar	3
2. Visjon, mål og strategiar	4
"Verdens beste kommune for naturglade menneske"	4
3. Politisk verksemd	5
4. Premiss og premissavvik	8
5. Måloppnåing – Samfunnsmåla	8
6. Måloppnåing - Tenesteproduksjonen.....	11
7. Måloppnåing: utvikling av organisasjonen	13
8. Økonomi.....	21
Rekneskap drift 2023 – jamført målsetting	21
Skatt og rammeinntekter	23
Investeringar og avvik mot budsjett	27
Gjeld og kommentarar til den finansielle situasjonen	28
9. Rekneskap med økonomiske oversikter	34

1. Kommunedirektøren sin kommentar

I siste kommunebarometer plasserer Rauma kommune seg på ein svært gledeleg 20. plass. Dette er framgang på 154 plassar samanlikna med året før. Dei aller fleste tenestene har forbetra seg, og innan pleie og omsorg har kommunen avansert heile 155 plassar og oppnådd ein 28. plass.

Etter fleire år med planmessig omstilling og utvikling er vi godt i gang med nødvendig framtidssikring av tenestene vår. Dette betyr at vi fornyar tenestene for å møte ein situasjon med endra demografi og redusert tilgang på arbeidskraft, og som er tilpassa kommunens økonomi. Stor takk til alle medarbeidarar og leiarar for dei gode resultata vi har oppnådd så langt.

Eit særskilt forhold som må trekkast fram i året 2023 er innføringa av Helseplattforma. Vi har registrert mykje strid og uro, særleg innan sjukehussektoren, men for Rauma kommune sin del har innføringa i hovudsak gått som planlagt og utan dei store feil og manglar. Samstundes er det klart at innføring av eit så omfattande system er krevjande både for medarbeidarar og tenester.

2024 er det året vi kjem ut av ROBEK. Det betyr at vi har eit regnskapsresultat for 2023 der budsjettet balanserer, inklusiv tidlegare års meirforbruk. Utfordringa kommunen står i no er at vi har ingen reserver, og ein kommune utan eit solid disposisjonsfond er i ein vanskeleg situasjon.

Rauma kommune har p.t. over 800 millionar i bruttoinntekt og 1 milliard i lånegjeld, men berre 7 millionar i reserve. For å møte dei framtidige sykliske svingingane i kommuneøkonomien vil det difor vere heilt nødvendig å ha eit disposisjonsfond på minimum 40 millionar kroner. Samstundes må det vere ein tydeleg handlingsregel for bruken av fondet.

Korleis vi skal opparbeide eit tilstrekkeleg disposisjonsfond som skal sikre kommunen vil vere ein debatt ein må ta politisk. Streng budsjett disiplin aleine vil ikkje kunne trygge kommuneøkonomien.

Åndalsnes 31.03.2024

Perry Ulvestad

Konstituert kommunedirektør

2. Visjon, mål og strategiar

”Verdens beste kommune for naturglade menneske”

Visjonen er heile Raumasamfunnet sin visjon. Den har god forankring lokalt og er godt profilert. Den er inkluderande for alle som bur eller gjester Rauma. Visjonen forpliktar oss i forhold til å ta vare på naturen og vere eit berekraftig samfunn.

Følgjande verdiar er vedteke: **Samarbeidsvillig, Ekte og Raus**. Verdiane seier at vi SER kvarandre og er Samarbeidsvillige, Ekte og Rause. FN sine berekraftsmål skal vere styrande for kommunen sitt arbeid.

Hovudmål	Forklaring
200 innbyggjarar	<ul style="list-style-type: none">• Hovudindikator for eit samfunn si livskraft er utvikling av folketalet• Rauma har fødselsunderskot og negativ innanlands flytting. Utanlands innvandring var positiv siste året.• Ei utfordring er å auke talet på kvinner
200 arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none">• Målet er netto vekst i talet på arbeidsplassar. Dette legg eit grunnlag for vekst i folketalet. På sikt er talet på arbeidsplassar dimensjonerande for kor mange som vil bo i kommunen• Halvparten av veksten bør komme frå vekst i eige næringsliv – resten frå auka utpendling
200 bustadar	<ul style="list-style-type: none">• Godt og allsidig tilbod av bustader og bustadtomter er viktig for vekst i folketalet• Kommunen skal ha byggeklare tomter i Måndalen, Åndalsnes, Isfjorden og Åfarnes til ei kvar tid• Kommunen vil samarbeide med private om bustadtomter i andre bygdelag• Ei særleg kommunal oppgåve er å bidra til nok omsorgsbustader, utleigebustader, førstegongsbustader og bustader for vanskelegstilte


Strategiar

- **Samferdsel og regionale ambisjonar:** Ein hovudstrategi for å bli del av ein større bu- og arbeidsmarknad

- **Tilflytting og attraktivitet:** Både for tilbakeflyttarar, norske tilflyttarar og utanlandske innvandrarar må Rauma være attraktivt, med gode jobb- og butilbod – venleg og imøtekommande
- **Næringsliv og arbeidsplassar:** Rauma har eit sterkt næringsliv, men med svak vekst. Omstilling, knoppskyting og nyetableringar blir viktig framover. Potensialet for sysselsetjing og verdiskaping i reiselivet er relativt stort.
- **Lokal samfunnsutvikling og lokaldemokrati:** Ei rekke tiltak er gjort for å gjere Tindehovudstaden Åndalsnes til eit attraktivt senter for heile kommunen. Tilrettelegging for vekst og utvikling i heile kommunen er viktig for å nå kommunen sine mål.
- **Miljø og folkehelse:** Folkehelsearbeidet er grunnleggjande viktig for å bidra til at innbyggjarane kan ha et godt liv i Rauma. Berekraft skal vere gjennomgåande perspektiv.

3. Politisk verksemd

Politisk organisasjon



Kommunestyret i Rauma har etter kommunestyre- og fylkestingsvalet hausten 2023 til saman 27 representantar, fordelt på desse gruppene:

- Sosialistisk Venstreparti – 12
- Høgre – 3
- Senterpartiet – 5
- Arbeiderpartiet – 2
- Framstegspartiet – 4
- Industri- og næringspartiet – 1

Ordførar er Yvonne Wold (SV) og varaordførar Jan Peter Valde (Sp).

Møteverksemd

- I 2023 hadde kommunestyret åtte ordinære møte, og eitt ekstraordinært møte i samband med tilsettinga av kommunedirektør Rune F. Sommer. Alle møta var med ordinært fysisk oppmøte. I tillegg vart det arrangert folkevaldopplæring, der alle dei faste kommunestyremedlemmane var innkalla saman med ei viss mengd varamedlemmar per parti, berekna ut i frå størrelsen på deira partigruppe. Det vart og tilbydd opplæring i bruk av den digitale møteportalen.

Kommunestyret behandla 75 politiske saker og 20 spørsmål og interpellasjonar.

- Kommunestyret er generalforsamling i Rauma Energi. I 2023 vart det gjennomført eit møte i generalforsamlinga.
- Formannskapet hadde åtte møte i 2022 – og behandla i alt 77 politiske saker og 4 spørsmål/interpellasjonar.
- Arbeidsmiljøutvalet hadde fire møte i 2023 og behandla 18 saker.
- Utval for plan og forvaltning hadde sju møte og tre ekstraordinære møte i 2023 med 68 behandla saker.
- Kontrollutvalet hadde seks møte i 2023 og behandla 45 saker

Kommune TV - overføring av kommunestyret sine møte

Møta i kommunestyret blir sendt direkte på kommunen sin nettstad. Åndalsnes Avis lenker også til desse sendingane. Etter møte er opptaka tilgjengelege på kommunens nettstad. Tala under syner både direktevisningar og visning av opptak.

År	2023	2022	2021	2020
Visningar	5470	4639	7084	4561

Saker

Nokre av dei største og viktigaste sakene som vart behandla av dei politiske organa i kommunen i 2023, var:

- Tilsetting av kommunedirektør
- Busetting av ukrainske flyktningar
- Årsrapport og rekneskap 2022
- Tilstandsrapport i grunnskulen 2023
- Arbeidssenter for menneske i utanforskap i regi av Astero Rauma AS
- Forskrift om godtgjering for dei folkevalde i Rauma kommune, 2023-2027
- Besøksstrategi for Rauma kommune
- Tilstandsrapport Rauma barnevernteneste 2023
- Planinitiativ - reguleringsplan for bustadfelt på Soggebrekken
- Sluttbehandling - Detaljregulering for Holan II
- Sluttbehandling - Detaljregulering for Vangstun
- Sluttbehandling - Detaljregulering E136 Veblungsnes
- Hovudplan for vassmiljø, vassforsyning og avløp
- Oppvekstplan for Rauma kommune
- Sal av Skottemarka bustadfelt
- Opphevelse av Rauma Kommunale Boligstiftelse
- Overordna beredskapsplan
- Revidering av vedtekter og retningslinjer for Kraftfondet
- Godkjenning av kommunevalet 2023
- Val av ordførar og varaordførar, og val til ei rekke utval og nemnder som til dømes formannskap, kontrollutval og planutval
- Tertialrapportar
- Delegeringsreglement 2023 – 2027
- Reglementer for arbeidet i folkevalde organ
- Veglysanlegg langs fylkeskommunale veger i Rauma kommune - Drift og vedlikehald 2024
- Møre og Romsdal 110-sentral, Ålesund KF - Avtale om vertskommunesamarbeid mellom Ålesund kommune og samarbeidskommunar
- Forslag til utbytte Rauma Energi 2024
- God Helse- avtale 2024-2027
- Handlingsprogram for anlegg for idrett og fysisk aktivitet med prioritering for spelemidlar i 2024
- Budsjett 2024 med økonomiplan 2024-2027

4. Premiss og premissavvik

I kapittel 5 –8 går vi igjennom måla som var sett som premiss i økonomiplana og avvik frå desse.

I kapittel 6 i økonomiplanen var det og lagt forutsetningar for budsjettet og utvikling av drifta for 2023. Av desse er det meste oppnådd utan vesentlege avvik. Det var elles ikkje vesentlege premissavvik for 2023.

5. Måloppnåing – Samfunnsmåla

Samfunnsplanen sitt handlingsprogram

Overordna mål for Raumasamfunnet vedtatt i Samfunnsplana, er retta mot befolkningsvekst, næringsvekst, regionforstørring og vekst i talet på bustader.

Befolkningsvekst 2023

Ved inngangen til 2024 er folketalet i Rauma slik:

4.kvartal	2020	2021	2022	2023	Endring	Mål 2030
Folketal	7026	7019	7046	7299*	+253	7300

*Dette er inklusiv flyktningmottaket i Isfjorden

Folketalet i Rauma gjekk opp med 253 personar i 2023, eller 3,6%. Talet på ukrainarar auka med 259. Utan innvandringa frå Ukraina ville folketalet ha blitt redusert med 6 innbyggjarar. Det er totalt 315 ukrainarar per 1.1.24 (4,32 pst av folketalet). Det vart eit negativt fødselsoverskot med -10 personar i 2023, og negativ netto innanlands tilflytting på -8 personar. Netto innvandring var 232 personar.

Bedriftsvekst 2023

Sysselsette pr. 4.kvartal	2021	2022	2023	Endring	Mål 2030
Lokale arbeidsplassar	3302	3320	3414	+94	3678

Statistikken viser ein auke i talet på arbeidsplassar på 94 i 2023, mot ein auke på 2022 på 18. Talet på sysselsette i befolkninga som er busett i Rauma falt med 3 personar frå 3571 til 3568 det siste året.

Regionforstørring 2023

	2021	2022	2023	Endring
Tal utpendlarar til resten av fylket	453	453	477	24

Dei aller fleste, 79% av dei 3567 yrkesaktive i Rauma kommune, arbeider innafor kommunen sine grenser. Av dei 754 som pendlar ut av kommunen, pendlar 477 til kommunar i fylket. Talet på utpendlarar frå Rauma til nabokommunane auka med 24 personar i frå 2022 til 2023. Utpendlinga til Molde er på 281 mot 276 personar i 2022. Pendlinga til Ålesund er på 50 personar mot 46 i 2022. Utpendlinga til Vestnes er 84 personar mot 78 personar, i 2022 og 90 i 2021.

Bustadvekst 2023

	2021	2022	2023	Endring sidan 2019	Mål 2030
Godkjente bueiningar	17	31	15	76	200

Talet på godkjente bueiningar i 2023 var 15. Det vart i tillegg godkjent 10 hytter. Bustadbygginga kan svinge mykje frå år til år. Det må byggjast i gjennomsnitt 18 nye bustader kvart år fram til 2030 for å nå målet om 200 nye bustader i perioden 2019-2030 i henhold til gjeldande samfunnsplan. Det er god etterspurnaden etter bustader og tomter.

Kommune-NM

For å samanlikne samfunnsutviklinga i Rauma med utviklinga elles i landet, kan ein sjå til statistikkgrunlaget som kvart år blir lagt fram av NHO, kalla Kommune-NM. Her er kommunane rangert innanfor fem ulike område.

Område	2021	2022	2023	Endring
Næringsliv	42	49	52	-3
Arbeidsmarknad	98	109	90	+19
Demografi	288	265	322	-57
Kompetanse	133	167	165	+2
Kommunal økonomi	226	154	145	+9
Samla rangering	135	132	124	+8

Rauma plasserer seg no på ein 124. plass av alle landets kommunar. Dette er ein framgang på 8 plassar samanlikna med 2022. Kommunen scorar godt på næringsliv og arbeidsmarknad, medan kompetanse, demografien og kommunal økonomi trekkjer ned.

Viktige hendingar i 2023:

- Kommunerekneskapan viser balanse, etter å ha dekt inn att 10,5 millionar av tidlegare års underskot.
- Kommunedirektør Rune Fromreide Sommer starta i jobben 01.03.23.
- Kompani Lauritsen held fram med innspelinger i Rauma også våren 2023
- Innovasjonsfestivalen arrangert for 9. gong
- Næringsprisen 2023 gjekk til Ida Antonsen Eide
- Kulturprisen 2023 gjekk til Solveig Ulseth Vold
- Rauma kommune sin tilgjengelegheitspris for 2023 gjekk til Norsk Fjellfestival
- Bustadkonferansen 2023 gjennomført
- Etablering av akuttinnkvartering for flyktningar i Isfjorden
- Kommunestyreval i september
- Norsk Tindesenter autorisert som besøksenter for Reinheimen nasjonalpark
- Markering av Pride med parade 17. Juni
- Besøksstrategi for Rauma kommune 2023

Klimarekneskap

Årets oppdatering av utsleppsdata for Rauma kommune kom 18.01.2023 og omhandla Rauma kommune sitt klimagassutslepp for 2022. Utsleppsdata viser, at Rauma kommune reduserte sitt klimagassutslepp med 6,115% eller svarande til 2257 tonn CO₂-ekvivalentar. Årsaka til denne kraftige reduksjonen finn ein i kategoriane *Jordbruk* og *Annan mobil forbrenning*.

Til desse berekningar knyter det seg vesentleg usikkerheit då vi må gjere føresetnader på nokre grunnleggande variablar som størrelse på utsleppsreduksjonar og tidspunkt for gjennomføring av tiltak, samt endringar i for eksempel aktivitetsnivå eller teknologi som følge av innførte tiltak og verkemidlar. Det er fagleg utfordrande å anslå styringseffektiviteten av tiltak og verkemidlar. Derfor må effekten sjåast som eit grovt anslag og ingen direkte fasit. Resultatet er at kommunen, med dei prosjekt og tiltak vi kjenner til kan oppnå ein Klimagass reduksjon på 8290 (tonn CO₂-ekvivalentar) fram mot 2030. Det betyr å vi manglar tiltak, som svarer til ein reduksjon på 3279 (tonn CO₂-ekvivalentar) for å nå målet om å redusere klimagass utsleppet med 40 % i perioden 2009 – 2030.

Med andre ord må Rauma som samfunn og kommunen som organisasjon framleis kome opp med nye og kanskje meir radikale tiltak for å nå målet om 40% reduksjon innan 2030.

Analyseselskapet PricewaterhouseCoopers (PwC) publiserte i 2023 for første gong sin rapport, Berekraft 356 for norske kommunar. Rapporten kårar Rauma til Noregs beste kommune på miljø og klima. Konsulentselskapet har brukt 16 indikatorar utleia frå FN's berekraftsmål for å måle miljø- og klimaarbeidet i kommunane. Det dreier seg blant annet om kvaliteten på vassforsyninga, graden av kjeldesortering, forbruk av vatn per innbyggjar, tilrettelegging for syklende, talet på elbilar, gjennomførte risiko- og sårbarheits analyse og energiforbruket pr innbyggjar. Ingen kommune er på topp på alle desse områda. Rauma topper ifølge rapporten delområdet miljø- og klimaendringar.

6. Måloppnåing - Tenesteproduksjonen

Mål

Vedtekne mål for kommunen sin tenesteproduksjon er:

Overordna mål	Rauma kommune skal yte tenester til sine brukarar i samsvar med brukarane sine behov og rettar	
Mål	Brukarane skal ha tilpassa tenester	System sikrar og måler god kvalitet

Tenestekvalitet krev eit internkontrollsystem som måler avvik i høve til fastsette normer og prosessar. Ein viser til rapport frå internkontrollsystemet i organisasjonskapitelet.

Det er oppretta brukarråd for kvart tenesteområde. Desse råda bidreg til å betre brukartilpassing og sikring av tenestekvalitet. Som vedlegg til årsrapporten er det utarbeidd rapport frå kvart av kommunen sine seks tenesteområde.

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret viser Rauma sin relative plassering blant landets kommunar når det gjeld «kvalitet og omfang» av tenesteproduksjonen. Tala for 2023 rangeringa er basert på KOSTRA tal i frå 2022. Utviklinga går fram av tabellen nedanfor:

	2021	2022	2023	Endring
Grunnskule	65	78	41	+37
Pleie og omsorg	78	183	28	+155
Barnevern	279	331	158	+173
Barnehage	207	195	242	-47
Helse	57	115	124	-10
Sosial	330	95	38	+57
Kultur	192	255	242	+13
Klima og natur	59	69	11	+58
Saksbehandling	88	166	120	+46
Vatn og avløp	35	34	65	-31
Økonomi	326	305	196	+109
Kostnadsnivå	182	165	79	+86
Totalt	180	174	20	+154

Vi plasserer oss på ein 20. plass justert for inntektsnivå. Vi hadde ein framgang på 154 plassar samanlikna med i fjor. Innan "Pleie og omsorg" har Rauma kommune avansert heile 155 plasser, oppnådd en 28. plass i hele landet. I tillegg har Rauma kommune også opplevd en framgang innan økonomi, med en forbedring på 109 plasser.

Organisering i tenesteområde

Kommunen sine tenesteområde er:




Formålet med tenesteorganisering er å få til tettare samarbeid, betre kompetansedeling og meir effektiv drift mellom tenester som er nærståande og rettar seg mot om lag same målgruppe av brukarar.

Andre viktige hendingar i 2023:

- Innføring av Helseplattforma hausten 2023
- Rauma kommunale boligstiftelse avvikla og bustadane tilbakeført til Rauma kommune.
- Eidsbygda barnehage legges ned fra august 2023
- Opning av ny brannstasjon på Åndalsnes
- Overført Vollatun frå heimebasert omsorg til Bo- og habiliteringstenesta
- Overført Dagsenter demens og demenskoordinator frå Bo- og habiliteringstenesta til heimebasert omsorg
- Ferdigstilt gjennomgang av alle arbeidslister i Heimebasert omsorg
- Oppstart av Vii Astero
- Oppstart Romsdalsløypa
- Åfarnes skole 50 år
- Kick-off Kompani sløyd prosjektet
- Sluttbehandling Holan 2
- Sluttbehandling og detaljregulering E136 Veblungsnes
- Dispensasjon for oppgradering og utviding av tømmerkai, Kamsodden
- Ferdig oppgradering av Strandgata med fortau og gangfelt på sørsida av veggen.
- Ferdigstilt kunstgrasbane ved Isfjorden skole
- Ombygging 1. etasje rådhuset
- Gjennomførte ENØK tiltak
- Forhandlingar og inngåing av nye fastlegeavtaler
- Oppvekstplanen blei vedtatt
- Satsing på Det Umulige Prosjektet
- Gjennomført 13 opne kulturarrangement ved biblioteket

7. Måloppnåing: utvikling av organisasjonen

Leiting



Mål og resultat

Samfunns- og arbeidslivet er i endring. Globalisering, demografi, individualisering og teknologisk utvikling gjør at evne til innovasjon og nyskaping vil være sentral for å lykkes.

Utfordringene for kommuneorganisasjonen er mange de nærmeste årene:

- o Nye og raske endringer i brukarbehov, kombinert med redusert tilgang på personell vil utfordre kommuneorganisasjonen. Dette stiller igjen krav til å beholde og rekruttere arbeidskraft, og at tilsette sin kompetanse og evne til fleksibilitet og fornying blir mobilisert og utvikla.
- o I ein slik situasjon må organisasjonen tilpasse seg med nødvendig omstilling, økonomisk effektivisering for å framtidssikre av tenesteproduksjonen.
- o Det vil også bli nødvendig med lang større samarbeid mellom kommunane om drift og utvikling av tenester som ikkje krev nærvær til brukar.
- o Gode leiarar, på alle nivå, er avgjerande for å lykkes når det gjeld omstilling, tenestekvalitet, økonomistyring og medarbeidarane sin trivsel.

- o Ny teknologi kjem inn på dei fleste område. Velferdsteknologi og Helseplattformen er eksempel på dette. Digitalisering grip inn i innbyggjarkontakt og tenesteproduksjon i stadig større grad, og på fleire områder framover. Digitalisering gjer også at fleire oppgåver og funksjonar ikkje nødvendigvis trenger å vere lokalisert til ein bestemt stad, eller dei kan gjerast av andre aktørar.

Overordna mål	Rauma kommune skal vere ein profesjonell og framtidsretta organisasjon å jobbe i			
Mål	God leiing	Kompetente medarbeidarar	Lavt sjukefråvær	Heiltid
Korleis lykkast	Leiarutvikling og leiaroppfølging	Rekruttere, utvikle og mobilisere tilsette sin kompetanse mot oppgåvene	Auka innsats og fokus på årsakene til sjukefråværet	Organisere verksemdene basert på heile stillingar
Korleis måle	Faktor 5 – Meistringsorientert leiing	Faktor 4 – Bruk av kompetanse	Samla sjukefråvær (Visma HRM – BI)	Tilsette heiltid av totalt tal på tilsette
Resultat 2019			9,34%	44,5 %
Resultat 2020	3,6	4,1	8,40%	50,5%
Resultat 2021	-	-	11,21%	52,9%
Resultat 2022	3,8	4,1	8,87%	53,5
Resultat 2023	-	-	8,60%	53,3
Ambisjon 2024	4,1	4,3	7,0 %	55%

Medarbeidarundersøking

I 2016 gjennomførte Rauma kommune KS sin første medarbeidarundersøking 10 – Faktor. Undersøkinga byggjer på forskning om kva som er viktige innsatsfaktorar for å oppnå gode resultat i forhold til organisasjonen sine mål og kvalitet på tenestene. Same undersøking blei gjennomført på nytt i 2018, 2020 og 2022. Leiarar og HTV deltek i opplæring av planlegging, prosess og oppfølging av 10 - Faktor undersøkinga. Dei lokale HMS gruppene har saman med leiarane ei særskilt rolle med gjennomføring av eigne handlingsplanar på tenestenivå og i avdelingane. Ny undersøking blir gjennomført i 2024. Svarprosenten i 2022 var 62%. Svarskalaen går frå 1 (dårlegast) til 5 (best).

Faktor	Rauma	Kommune N
1.Indre Motivasjon	4,2	4,2
2.Mestringstru	4,3	4,3

3.Autonomi	4,2	4,3
4.Bruk av kompetanse	4,1	4,1
5.Mestringsorientert leiing	3,8	3,9
6.Tydelege roller	4,2	4,2
7.Relevant kompetanseutvikl	3,5	3,6
8.Vilje til fleksibilitet	4,4	4,4
9.Mestringsklima	3,9	4,1
10.Prososial motivasjon	4,6	4,7

Likestilling

Samanliknbare tal er henta frå rapport i Visma BI:

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Årsverk totalt	562	591	587	558	518	520	516
Tilsette totalt	749	778	775	696	636	637	625
Tilsette, menn	166	172	178	135	133	138	137
Tilsette, kvinner	583	606	597	561	503	499	488
Tilsette, heiltid totalt	322	331	345	352	337	341	333
Tilsette, heiltid menn	82	82	87	85	86	84	83
Tilsette, heiltid kvinner	240	249	258	267	251	257	250
Tilsette, deltid totalt	427	447	430	344	299	296	292
Tilsette, deltid menn	84	90	91	50	45	54	54
Tilsette, deltid kvinner	343	357	339	294	254	242	238
Brann deltid m.m.	35	36	36	0	0	0	0
Brannbefal (deltid)	4	4	4	0	0	0	0
Leiarar	54	48	48	47	50	50	50
Leiarar, menn:	17	16	15	12	12	15	15
Leiarar, kvinner:	37	32	33	35	38	35	35

Tilsette

- Talet på årsverk og på tilsette har gått litt ned ved utgangen av 2023 i forhold til utgangen av 2022.
- Når det gjeld tilsette fordeler det seg med 78% kvinner og 22% menn. Det er ei særleg utfordring for kommunane å rekruttere fleire menn inn i omsorgsyrka og barnehage.
- Av kommunens totale tal på leiarar er 70% kvinner og 30% menn.
- I kommunedirektøren si leiargruppe er tilsvarande tal 66% kvinner og 34% menn.
- Rauma kommune nyttar i liten grad midlertidig tilsette. Unntaket er som hovudregel vikarar og tidvis prosjektilsette.
- Dei siste åra har det vorte nytta vikarbyrå særleg ved ferieavvikling i helse og omsorg.

Diskriminering

Vår satsing med å tilby og legge til rette for at tilsette med redusert arbeids- og funksjonsevne kan fortsette i arbeidslivet er ein sentral del av vårt arbeid for å fremje likestilling og integrering, og å motverke diskriminering. På den andre sida blir det stadig vanskelegare å omplassere medarbeidarar grunna dei auka kompetanse og kvalifikasjonskrava innan tenestene.

Ekstrahjelp og overtid

(Tal i millionar kroner)

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Annan ekstrahjelp	15,0	8,7	9,2	6,3	5,7	7,3
Overtid	8,4	7,2	5,8	7,6	9,3	8,3
Sum utgifter	23,4	15,9	15,0	13,9	15,0	15,6

Bruken av annan ekstrahjelp og overtid er samla omlag på same nivå som i 2022. Av samla sum skuldast ca. 1 million kroner utgifter i samband med innføring av Helseplattforma og ca. 400.000 kroner i samband med akuttinnkvartering av flyktningar.

Utgiftene til vikarbyrå har auka frå 2,6 millionar kroner i 2022 til 9,6 millionar i 2023. Av dette skuldast ca. 6 millionar innføring av Helseplattforma.

Heiltid

Talet på kvinner tilsett på heiltid har ein jamn auke dei seks siste åra, samstundes som tala for kvinner som arbeider deltid har gått ned. Det er ei målsetting å få fleire kvinner over i heiltid gjennom ein fleksibel personalpolitikk og med utviding av stillingar. Dei grep ein har gjennomført i Rauma kommune er først og fremst endra og meir fleksible arbeidstidsordningar innan turnusyrka, der ein m.a. legger til rette for større stillingar. Satsinga på heiltid er ytterlegare forsterka gjennom eit eige heiltidsprosjekt som involverer politikarar, administrasjon og tillitsvalte.

Samla har talet på tilsette i heiltid i kommuneorganisasjonen auka frå 44,5% i 2019 til 53,3 i 2023.

Rekruttering

Vi har kompetente søkjarar til dei fleste stillingar, men med noko variasjon mellom dei ulike tenesteområda. Rekruttering av mellom anna barnehagelærarar og sjukepleiarar er krevjande. Leiarstillingar er det generelt få søkjarar til, men vi registrerer no ein auke i tilfanget av søkjarar til

fleire av stillingane. Reduksjon i talet på deltidsstillingar blir gjort der det er mogleg og ønskeleg. Tilsette i midlertidige stillingar med rettar etter Arbeidsmiljølova får faste arbeidsavtaler når det er grunnlag for det. Rauma kommune har gjennom mange år satsa på lærlingordninga som ein viktig del av vårt rekrutteringsarbeid, og har lærlingplassgaranti for helsefaglærlingar. Ved årsskiftet var 5 lærlingar under aktiv opplæringskontrakt fordelt på fagområda helsefag, barne- og ungdomsarbeidar og ernæring. Lærlingane blir følgt opp av Rauma og Vestnes opplæringskontor.

I 2023:

- Auka fokus på Kompetansemobilisering internt, samt auka stillingsprosent ved vakansar
- Annonsemalar ved utlysing er tatt i bruk ved samtlege tenesteområde, samt kvalitetssikring av saksbehandling og dokumentasjon i tilsettingsprosessen
- Profilerings på sosiale media parallelt med rekruttering
- Helse- og omsorgstenesta har utarbeida eigen *Handlingsplan for rekruttering av helsepersonell*
- Rekrutteringspatruljen følger årshjul i eit samarbeid mellom Rauma vgs, RVOK og ungdomsskolane for auka fokus på utdanning, lærlingtid og jobbmoglegheiter i eigen kommune
- Deltaking ved utdanningsmesse på Rauma vgs samt Høgskolen i Molde
- ROR samarbeid på *Bli med hit* messe, og felleskampanjar to gonger i året saman med privat næringsliv

Internkontroll (IK)

Kommuneleiinga skal foreta ein årleg gjennomgang av kvalitetssystemet og internkontrollsystem for HMS, informasjonssikkerheit og på fagområde med krav om internkontroll for å vurdere om systema fungerer i praksis. Formålet er å finne svakheiter og manglar, utbetre dei og forebygge uønska hendingar. Sjekkliste skal ligge ved tenesteområdets årsrapport.

Internkontroll er kommunen sitt verktøy etter kommunelova for å identifisere svakheiter og brot på lovkrav i tenestene. Det web-baserte IK systemet har same portalløysing som HMS systemet. Meldte avvik blir handtert og lukka av verksemdsleiar. Lukking av avvik kan mellom anna skje gjennom endring av prosedyrar, opplæring, informasjon eller andre kvalitetsfremjande tiltak.

I august 2023 blei det tilsett ein medarbeidar som systemansvarleg for IKHMS. I etterkant er det gjort ei omfattande opplæring og oppfølging av tilsette og leiarar i bruk av systemet og innlegging av prosedyrar i dokumentbiblioteket. Samstundes er det gjort betring av system og tilgangar opp mot leverandør. Resultatet er mellom anna at vi har gått frå 57% lukka avvik i 2022 til 94% i 2023.

Det er samstundes eit kontinuerleg behov for opplæring og bevisstgjerings på alle nivå i organisasjonen når det gjeld avviksregistrering, behandling av avvik og innlegging og bruk av prosedyrar i dokumentbiblioteket.

Avvik IK	Meldte avvik	Ikkje starta	Starta	Fullført
2017	283	97	14	172
2018	300	46	15	239
2019	376	73	32	271
2020	394	156	20	218
2021	381	28	20	333
2022	350	121	29	200
2023	534	20	14	500

Helse- miljø og sikkerheit (HMS)

Rauma kommune har eit web-basert system for handtering av helse- miljø- og sikkerheitsarbeid (HMS). I HMS-systemet sitt årshjul finn ein det systematiske arbeidet som skal gjennomførast i alle verksemder for å imøtekomme krava i Arbeidsmiljølova.

Alle verksemder skal utarbeide tiltaksplan og gjennomføre vernerunde. I tillegg får alle verneombod og verksemder tilbod om HMS-opplæring. Kor ofte ei verksemd skal gjennomføre risikovurdering er ein del av ROS-analysen.

Ein svært viktig del av HMS arbeidet er dei lokale HMS gruppene som er etablert i alle avdelingar.

HMS gruppene planlegg, gjennomfører og følger opp vernerundar i eit samarbeid. I tillegg er avviksbehandling og risikovurderingar ein viktig del av arbeidet. Det er og auka fokus på HMS arbeid i dei tverrfaglege leiarsamlingane.

I 2023 gjennomførte Rauma kommune KS sin første medarbeidarundersøking på område HMS. Resultata er ein indikator for HMS gruppene, og gir retning for fokusområde for vernerunde og forbetningsarbeid.

Avvik HMS	Meldte avvik	Ikkje starta	Starta	Fullført
2017	78	28	5	45
2018	108	66	10	32
2019	93	24	9	60
2020	112	78	8	26
2021	82	4	7	71
2022	72	28	5	39
2023	170	4	6	160

Det arbeidast vidare med prosedyrar og rutinar knytt til arbeidet med lukking av avvik.

Bedriftshelseteneste

BRA Astero kommunens leverandør av bedriftshelsetenester. I tillegg til avtalte og bestilte leveransar av bedriftshelseteneste, er det i 2023 mellom anna blitt gjennomført personalutviklingstenester, ekspertbistand innan arbeidshelse og ulike kurs.

Bedriftshelsetenesta møter fast i Arbeidsmiljøutvalet.

Digitalisering

- Innføring av Helseplattforma
- Visma Flyt Barnehage har fått på plass en API integrasjon mot Skatteetaten for behandling av redusert foreldrebetaling
- Inngått nye avtaler på fagsystem som har folkeregisterintegrasjon
- Opplæring og utbetring i forhold til universell utforming
- Tilgjengelighets erklæringar på Feide tenester
- Kollegasøk i Sharepoint
- Aukande distribusjon av Decisions til faggruppene
- Uttrekk Acos Websak overlevert til Documaster
- Avtale LØP - innføring av skybasert ERP-system som omfattar budsjett, innkjøp, lønn og HR inngått
- Arbeid med å ferdigstille heildigital rekrutteringsprosess frå søker leverer søknad via Easycruit til bruker registrert som ny tilsett i HRM.
- HRM integrasjon Visma Flyt Barnehage
- Teams er den leiande kommunikasjons plattforma i organisasjonen.
- Større investeringar i digitalt utstyr ved skolane og i barnehagane.
- Vi har fleire skoletrinn som har blitt heildigitale ved bruk av digitale skolebøker.
- Min side opnar opp for at innbyggjarane mellom anna kan finne det meste av opplysningar om sin eigedom.
- Melde inn feil på veg, vatn og avløp m.m. digitalt
- Digitale kanalar for samarbeid skule/barnhage og heimar.
- Teknisk oppgradering og trådløs dekning ved alle kommunale bygg
- Rauma kommune digitaliserer byggesaks- og landbruksarkivet. Dette gjev gevinstar både for innbyggjarar, næringsliv og kommune ved at all dokumentasjon blir digital.

Etiske retningsliner

Etikk er å halde seg reieleg til eit verdigrunnlag, både sitt eige og det verdigrunnlaget som gjeld i organisasjonen. Som ein open organisasjon er kommunen sitt omdømme avhengig av innbyggjarane sin tillit. Tilliten blir svekka ved mistanke om til dømes korrupsjon, lovbrøt, maktmisbruk eller liknande handlingar. For kommunen som verksemd er det derfor i tillegg til det som følgjer direkte av lover og reglar, vedtatt egne etiske retningsliner for folkevalde og tilsette.

I tillegg er varslingsplakaten revidert i tråd med endringar i Arbeidsmiljølova. Det er ikkje mottatt varsel i 2023.

Kompetanseutvikling

Rauma kommune ønskjer å arbeide systematisk og strategisk med kompetanse for lettare å halde på, utvikle, rekruttere og nytte rett kompetanse. Tilsette med rett kompetanse er med på å sikre at kommunen leverer gode tenester. Med dette som bakteppe har verksemdene utarbeidd og vedtatt strategisk kompetanseplanar. Strategisk kompetansestyring inneber planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak for å sikre organisasjonen og den enkelte medarbeidar nødvendig kompetanse for å nå definerte mål.

I regi av HR køyrer vi faste månadlege opplæringsdagar for alle våre leiarar og hovudtillitsvalte. Tema følger eit eige årshjul. Det må i tillegg nemnast samarbeidet med Rauma og Vestnes opplæringskontor om leiaropplæring og kartlegging av ufaglærte som kan ta fagbrev på jobb eller som praksiskandidat.

Det vart brukt ca. 1,6 millionar kroner til opplæringstiltak i 2022. Midlane kjem frå kommunale løyvingar og frå øyremerka midlar innan helse og omsorg og oppvekst, samt midlar som vi har fått gjennom spesifisert søknad.

Fråvær

Visma HRM – intern statistikk sjukefråvær

Sjukefråværet i Visma HRM viser faktisk sjukefråvær og er ikkje ein bearbeida statistikk slik som den sentrale statistikken frå KS.

	Legemeldt fråvær	Eigemeldt fråvær	Samla fråvær
2016	8,55 %	1,23 %	9,78 %
2017	7,71 %	1,35 %	9,06 %
2018	6,97 %	0,63 %	7,61 %
2019	8,66 %	0,68 %	9,34 %
2020	7,62 %	0,78 %	8,40 %
2021	10,18 %	1,03 %	11,21 %
2022	8,16 %	0,71 %	8,87 %
2023	8,50%	0,01%	8,60%

Eit fleirtal av tenesteområda har eit sjukefråvær rundt og under måлтаlet vårt på 7 %. Dei som dreg fråværet opp er barnehage, helse og omsorg og helse og velferd. Arbeidslivssenteret, NAV og BHT er spesielt involvert i oppfølginga av tenesteområde med størst sjukefråvær. Vi har stort fokus på sjukefråværet både i AMU, leiarmøte og møter med HTV. Det må særskilt nemnast auka fokus på

organisasjonen sine sjukefråværsrutinar med leiaropplæring og utvikling av hjelpemanager i samarbeid med NAV. Samstundes er HMS gruppene involvert i arbeidet med auka arbeidsnærvær og tilretteleggingslister i eigen avdeling. I tillegg til den generelle satsinga med oppfølging og innskjerpa rutinar, satsar vi i samarbeid med BHT på spissa prosjekt inn mot enkelte avdelingar. IA rådgivarane har også bidratt med å belyse årsakssamanhengar og innsatsområde i samband med eigne fagdagar for leiarar og HTV.

8. Økonomi

Rekneskap drift 2023 – jamført målsetting

Vi er glad for å ha nådd målet om at rekneskapen viser balanse, etter å ha dekt inn att dei siste 10,5 millionar av tidlegare års underskot. Med dette har vi dekt inn alt, og kan meldast ut av ROBEK til sommaren. Vi har vært underlagt ROBEK i frå 2021, etter eit underskot på 3 millionar i 2021, 31 millionar i 2020 og 8,36 millionar i 2019. Med godkjenning av årets rekneskap i juni vil vi meldast ut av ROBEK. Denne gangen bør vi bygge opp eit fond slik at vi kan halde oss utanfor. Rauma har sidan 2001 vært 3 gonger på ROBEK med til saman 9,9 år.

Dei økonomiske oversiktane viser at brutto driftsresultat vart 20 millionar kroner lågare enn 2022. Driftsinntektene var omlag 830 millionar kroner, medan kostnadene var 820 millionar. Netto driftsresultat vart 13 millionar, mot 32 millionar i 2022. Netto driftsresultat er resultatet etter finanskostnader, men før avsetning til eller bruk av disposisjonsfond eller bundne fond, eller overføring til investering. Dette viktige nøkkeltalet viser det kommunen har til disposisjon til eigenfinansiering av investeringar og til avsetning frå årets drift.

Tenesteområda brukte 16 millionar meir enn budsjett, mot 8 millionar i 2022. Vi er derfor ikkje i mål med å bli berekraftige. Sjå meir om avvika i eige kapittel.

Overordna mål	Rauma skal ha en bærekraftig kommunal økonomi			
Mål	Rauma kommune skal gå med overskot kvart år	Ha reserver til å tåle renteauke og uforutsette hendingar	Netto gjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal være under 100%	Drifta skal vere kostnadseffektiv
Korleis lykkas	Alle einingar må tilpasse drifta til tildelt budsjett-ramme	Sette av til disposisjonsfond	Netto gjeld haldast på eit berekraftig nivå, og effektiv forvaltning av gjeld	Kostnader må synleggjerast og sammenliknast i alle tenester
Korleis måle	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	Netto gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Produksjonsindeksen TBU
Status 2022	4%	0	115%	99 (2021 tal)
Ambisjon 2030	Minimum 1,75 %	40 mill.kr.(5%)	Maksimum 75 %	Over 110
Resultatmål 2023	3,0 %	0,0% (avsetning)	105%	110
Måloppnåing 2023	1,6%	0,9%	110%	97

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi meiner at netto driftsresultat bør ligge på 1,75% av brutto driftsinntekter. I 2023 vart det 1,6%. Målet om avsetning til disposisjonsfond vart nådd, men det er langt til 40 millionar. Gjelda er langt over målet, og effektiviteten er svekka.

Ein verdi på produktivetsindeksen på 110 indikerer at tenestetilbodet er 10 prosent betre enn landsgjennomsnittet. Den samla produksjonsindeksen for 2022 vart 2 prosentpoeng lågare enn året før. Dette tyder på lågare produktivitet. Det er i barnehage og i primærhelsetenesta at produktiviteten er lågast, medan kultur er høgast.

Netto finanskostnader vart 13 millionar høgare enn i 2022 og utgjer no 6,1% av brutto driftsinntekter. Auke i rentenivå og minimums avdrag ga 21 millionar i auka kostnader.

At gjeldsgraden er over målet, er uheldig, og gjer oss sårbare for renteoppgang. Men det er gledeleg at den relativt sett er redusert samanlikna med 2022. Sjå eige kapittel om gjeld og finans.

Vi er framleis i ein sårbar økonomisk situasjon med ingen reserver, og høg gjeld, derfor må vi oppretthalde streng budsjett disiplin.

Rauma komme har i perioden 2001 - 2023 vore på ROBEK 9,91 år. Det vil bli laga ei eigen sak til kommunestyret om korleis vi skal kunne bli ute av ROBEK over tid. Med bakgrunn i analysane i SØF rapport nr. 03/18, Econ Pöyre R-2010-078 og ECON-rapport nr. 2006-015, og eigne analysar kan vi foreløpig opp summere følgjande erfaringar:

Rauma kommune har eit stort behov for å bygge opp ein syklisk buffer, **med stramme handlingsreglar som forpliktar både politikarar og administrasjon.**

Svingingane i kommuneøkonomien er aukande. For å imøtekomme dette er det et behov for å kunne utjamne svingingane i konjunkturane. Kommunen vil i dei komande 4 åra være ekstra sårbare og det krev stor disiplin frå både administrasjon og politikarar for å kome oss igjennom denne perioden.

Kommunen har dei siste par åra klart å gjere seg uavhengig av konsesjonskraftinntektene. Sal av konsesjonskraft bør i framtida vurderast inn i strategien om å bygge opp ein Syklisk buffer med ein handlingsregel som seier at Alle inntekter over 23 øre for sal av konsesjonskraft skal settast av til disposisjonsfond. Dette står også i samanheng med betre kapitalforvaltning og overlevering av ein sunn kommuneøkonomi til neste generasjon.

I tillegg må vi kontinuerleg tilpasse tenesteproduksjonen til dei strukturelle vilkår:

- Demografisk utvikling
- Tilbod av arbeidskraft
- inntektssystemet

Eit døme på dette er at for å kunne tilby det same tenestenivået til brukarane av helse og omsorgstenester i framtida, må vi årleg effektivisere 2%.

Skatt og rammeinntekter

Eigedomsskatten vart 44 millionar kroner som er 3,5 millionar meir enn budsjettet, der 3 er grunna i skatt på kraftverka i kommunen. Omlag 57% eller 25 millionar kroner av eigedomsskatten gjeld næringsseigedomar, derav 11 millionar i frå kraftverka, medan 19 millionar er skatt på bustader og fritidsbustader. Samla vart eigedomsskatten 5,5 millionar meir enn i 2022. Eigedomsskatt på næringsseigedomar er 7 promille, medan bustader og fritidsbustader har 4 promille.

Skatt på formue og inntekt vart på 241 millionar (med naturressursskatt) mot 238,8 millionar i 2022, ei auke på 1,1%. Dette er 14 millionar meir enn budsjett, og 2,6 millionar meir enn i 2022.

Inntektene til Rauma frå den nasjonale skatteutjamninga vart på 14,2 millionar mot 30,5 millionar i 2022. Dette vart omlag 3 millionar lågare enn budsjett.

Samla meirinntekt i skatt og skatteutjamning vart etter dette 11,3 millionar kroner meir enn justert budsjett. Dette kom i siste kvartal av 2023. I 2022 og 2021 var det også ein vesentleg meirinntekt, medan det i 2020 var ein svikt på 6 millionar, og i 2018 og 2019 hadde vi høgare skatteinntekter enn budsjett.

Rammeinntektene falt i 2021 etter grensejusteringa der Vestnes overtok 400 innbyggjarar. Rammeinntektene er i stor grad avhengig av utviklinga i talet på innbyggjarar. I 2022 og 2023 har vi auke i talet på innbyggjarar grunna mottak av ukrainske flyktningar som teller. Utan desse ville talet gått ned.

1000 kr	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Innbyggjar tilskot (likt beløp pr innb)	184 977	187 775	174 320	184 058	199 149	211 268
Utgiftsutjevning	30 168	38 710	42 402	42 845	42 748	51 350



Endringar i folketalet med og utan ukrainarar.

Anna:

Utbyttet frå det heileigde Rauma Energi AS har variert dei siste åra i frå 12 millionar i 2019 til 4 millionar i 2020, til null i 2021 og 2022. I 2023 vart det 5 millionar i utbytte.

Prisane varierer og både utbytte og konsesjonskraftinntektene er usikre inntekter. Vi bør i framtida ikkje være avhengig av desse inntektene i drifta, men budsjettere med å sette dei av på disposisjonsfondet.

Vi fekk 6,5 millionar i 2023 mot 2,9 millionar i inntekter frå havbruksfond i 2022. Dette var 5,8 millionar meir enn budsjett, og bidrog sterkt til det gode resultatet for 2023. Desse inntektene varierer, og i 2023 vart inntekta først kjent i desember.

Tenesteområda

- Tenesteområda hadde eit meirforbruk på 16,2 millionar mot 7,9 millionar i 2022 og 19,9 millionar kroner i 2021. Dette er 3,3%meir enn budsjett.
- Samanlikna med prognosen etter andre tertial gjorde Helse og omsorg gjorde det 6,5 millionar betre enn prognosen, medan skule overraska mest med 2,4 millionar meir enn prognosen og eit avvik på 2,5%. Barnehage hadde og eit større meirforbruk enn venta etter andre tertial.

	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	
	2023	2023		Avvik i %
POLITISK STYRING OG KONTR	5425	5132	293	5.7%
SENTRAL ADMINISTRASJON	33595	37085	-3490	-9.4%
KULTUR	9424	8788	636	7.2%
KIRKEN	5572	5609	-37	-0.7%
BARNEHAGE	70089	66407	3682	5.5%
SKOLE	97879	95459	2420	2.5%
HELSE OG VELFERD	53098	51821	1277	2.5%
HELSE OG OMSORG	184614	175266	9348	5.3%
UTBYGGING	46839	44764	2075	4.6%
SUM	506535	490331	16204	3.3%

Kommentar til avviket i dei ulike tenesteområda:

Politisk styring og kontrollorgan

Meirforbruk på 0,3 mill. Det vart meirforbruk knytt til valavviklinga, mellom anna innkjøp av inventar.

Sentraladministrasjonen

Her var det eit mindreforbruk på 3,4 millionar, der eit budsjett med premieavvik pensjon ikkje vart belasta her, men på finansområde. Det vart og færre lærlingar enn venta.

Kultur

Kulturområdet hadde eit relativt stort meirforbruk, i hovudsak grunna svikt i billettsal og hall-leie, men også ein eingongskostnad på 100 000. Det må jobbast med å auke talet på besøk i 2024.

Barnehage

Totalt sett har barnehageområdet eit meirforbruk på 3,6 millionar i 2023. Dette er knytt til ikkje-kommunale barnehagar og refusjon til andre kommunar for barn heimehøyrande i Rauma – med tilbod i private barnehagar i andre kommunar. I tillegg er refusjon på styrking for barn i andre kommunar ikkje tilstrekkeleg budsjettert for i 2023. Samla sett balanserte dei kommunale barnehagane, men Leiktun og Åfarnes/Eidsbygda hadde respektive 7% og 6% meirforbruk. Begge desse har hatt større endringar i leiing og organisering i 2023. Fleire barn, både gjennom mottak av flyktningar og tilflytting gjorde at talet på barn i barnehage har auka gjennom året. I dei private barnehagane vart tilskotet 3,6 millionar meir enn budsjettert med. Derav er 1,8 millionar knytt til styrkingstiltak overfor barn med ekstra behov, resten er knytt til auke i talet på barn.

Skule

Vaksenopplæringa hadde eit mindreforbruk på 1 million kroner grunna ekstra norsktilskot til flyktningane, slik at det reelle meirforbruket på skule er 3,4 millionar. Sektoren har samla sett brukt vesentleg meir enn det som var budsjettlagt. Her var det skulane utanfor sentrum med Isfjorden, Måndalen og Åfarnes som hadde respektive 11%, 8% og 7% i meirforbruk samanlikna med budsjett. For Måndalen var 1/3 av avviket knytt til skysskostnader, i tillegg kom meirkostnad med akuttmottaket. For Åfarnes har sjukefråværet vore høgt. I Isfjorden er det lønnskostnadene som har gitt meirforbruk. Det samla avviket er svært beklageleg. Her må leiinga sjå på tiltak i 2024 for å sikra at budsjettet haldast i 2024. Med ei auke i budsjettet med 10 millionar frå 95,5 til 105,5 millionar i ramma, (7,5 millionar meir enn rekneskap for 2023), er det venta at det ikkje blir avvik i 2024.

Helse og velferd

Det vart eit lite mindreforbruk på 0,3 millionar, og 5,1 millionar av integreringsmidlane er avsett til fond. Det vart stor variasjon tenestene imellom. Det var overforbruk på NAV kommunal med 1 million da fleire går ut av introduksjonsprogrammet og over i andre form for ytingar. I tillegg til at det har vært store utgifter til tannbehandling til flyktningar. Legesenteret har overforbruk på 0,9 millionar som skuldast at det ble forhandla fram ei auke på 60 % stilling på klinikkpersonale i 2023, og at legene skulle få utbetalt 15 % av basistilskotet. Meirforbruket på desse områda vart motsvara av mindreforbruk i dei andre tenestene samla.

Helse og omsorg

Det vart eit meirforbruk ut over budsjett på 9,3 millionar mot 13 millionar i 2022. Det er ein kostnadsauke på 14,5 millionar, eller 9% i frå rekneskapen i 2022. Omlag 3 millionar var venta grunna endring i behov jfr. Telemarkforskning si analyse. I tillegg vart lønnsauken 5,5%, slik at den reelle auken vart 1,3% (2,2 millionar). Helseplattforma vart innført i starten av november, og kan

